

## Uhell og beredskapshendingar i 2004

I 2004 vart Kriseutvalet ved atomulykker informert om to hendingar. I mars kom det meldingar om ein russisk reaktordriven kryssar som kunne "eksplodere kva tid som helst". I november kom det opplysningar om ei mulig hending ved eit kjernekraftverk syd-aust for Moskva. Ingen av hendingane kravde at Kriseutvalet vart samla. I tillegg var det fire mindre forhold som vart handtert av Statens strålevern.



*Kryssaren Peter den store.*

*Foto: Statens strålevern*

### Kryssaren "Peter den store"

Den 23. mars uttalte øvstkommanderande for den russiske flåten, admiral Vladimir Kuroyedov at den russiske reaktordrivne kryssaren "Peter den store" var i ein slik tilstand at den kunne eksplodere kva tid som helst. Strålevernet tok kontakt med russiske styresmakter umiddelbart etter at denne fråsegna vart kjent. Her fikk ein opplyst at situasjonen var under kontroll og at det ikkje var nokon grunn til å engste seg. Informasjonen frå russiske styresmakter tilsa at det ikkje var nokon eksplosjonsfare om bord i "Peter den store". Det vart også opplyst at atomkryssaren var blitt pålagt å ligge i hamn.

Påstanden frå admiral Kuroyedov kan ha vore eit uttrykk for at forholda om bord ikkje var tilfredsstillande og at kryssaren derfor ikkje var i sjømilitær stridsberedskap.

### Hending ved Balakov kjernekraftverk

5. november fekk Strålevernet opplysningar om ei mulig hending ved eit kjernekraftverk syd-aust for Moskva. Det vart umiddelbart satt i verk informasjonsinnhenting. Det vart raskt avklart at det var eit brot i eit rør i turbinhallen for reaktor nr. 2 ved Balakov kjernekraftverk. Hendinga hadde skjedd natt til 4. november. Alle opplysningar tydde på at

det ikkje var noko form for utslepp i samanheng med uhellet. Situasjonen var stabil og under kontroll. Hendinga førte derimot til uro blant befolkninga i regionen og enkelte personar hadde på eige initiativ tatt jodtablettar.

Ved hendingane med "Peter den store" og Balakov kjernekraftverk vart det sendt ut informasjon til Kriseutvalet, dei faglege rådgjevarane til Kriseutvalet, departementa, Statsministerens kontor og fylkesmennene.



*Radioisotopisk Termoelektriske Generatorer (RTG)*

*Foto: Statens strålevern*

### **Andre hendingar**

Eit tjuveri frå ei fyrlykt som skjedde hausten 2003, vart først kjent for Strålevernet og norske styresmakter i februar 2004. Tjuveriet skjedde frå ei fyrlykt som stod på ei øy i Kvitsjøen. Denne typen fyrlykter er drivne av radioisotopiske termoelektriske generatorar (RTG). Generatoren består av radioaktive strontium-90 kjelder som produserer varme som igjen driv ein generator. Tidligare erfaringar med slike tjuveri er at alt metall som er på og ved fyrlykta vert stole og at den radioaktive kjelda vert verande på staden eller at kjelda vert kasta i sjøen. Tjuveriet hausten

2003 er eitt av fleire dei siste åra. Norske styresmakter driv eit prosjekt som inneber at disse radioaktive kjeldene på fyrlyktene vert erstatta med solcellepanel. Dette har vist seg å vere ei god erstatning for dei radioaktive kjeldene som står der i dag (For meir informasjon sjå StrålevernInfo 18:2004).

Den 6. mai fikk Strålevernet melding om at under lossing av eit fly på Gardermoen vart det oppdaga fukt ved ei radioaktiv kjelde. Lossinga vart stansa og Strålevernet og Institutt for energiteknikk (IFE) rykka ut til Gardermoen. Det vart raskt avklart at fukta kom frå regnvatn og saka vart umiddelbart avslutta.

Ved Mihama kjernekraftverk i Japan var det eit utslepp av varm damp 9. august. Varm damp på 200 °C førte til at fire arbeidarar omkom og ytterlegare sju arbeidarar vart skada. Det var ingen lekkasje av radioaktivitet ved dette uhellet.

Ei radioaktiv kjelde vart funnen på smelteverket i Mo i Rana. Kjelda hadde tilhøyrt eit firma på Austlandet og under opprydding sommaren 2003 hamna kjelda i ein skrapcontainer med stål og metall. Saman med anna skrapmetall vart kjelda transportert til smelteverket i Mo. Ved mottaket vart lasta målt i portalen ved inngangen til anlegget og kjelda vart detektert. Kjelda vart tatt hand om på ein forsvarleg måte og transportert til IFE for avhending på vanleg måte.